



Utval: Nærings- og utviklingsutvalet
Møtestad: Formannskapssalen, Sykkylven rådhus
Dato: 03.02.2010
Tid: 15:00 - 19:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Kåre Hunnes	Leiar	H
Dagfinn Fredly	Nestleiar	KRF
Caroline Tusvik	Medlem	KRF
Ivar Johansen	Medlem	AP
Johanne Lade	Medlem	AP
Unni Alstad	Medlem	SP
Aina Holmberg	Medlem	SP
John Kenneth Brenne	Medlem	V
Bjørn Idar Lyngvær	Medlem	FRP
Siv Aunaas	Medlem	FRP

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Margit Aure Overå	MEDL	H

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Arve Ekornes	Margit Aure Overå	H

Fra administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Ole Johan Lillestøl	Rådmann
Bjarte Hovland	Leiar teknisk eining
Henrik Schmidt	Jordbrukssjef
Njell Hoftun	Samfunnsplanleggjar
Ingunn Hole Hunnes	Utvalssekretær

Sakliste

Saksnr	Sakstittel	Lukka
PS 1/10	Godkjenning av protokoll frå forrige møte	
RS 1/10	Referatsaker	
PS 2/10	17/117 - Søknad om oppføring av lagerhall ved Sandella	
PS 3/10	Val av kontaktorgan for hovudplan avløp	
PS 4/10	Tilknytning til offentleg avløp	
PS 5/10	Uttale til konsesjon - Reitegrova minikraftverk	
PS 6/10	7/25 - Politisk sak om frådeling av tre parsellar	
PS 7/10	11/1 - Sak om løyve til frådeling av bustadtomt	
PS 8/10	11/2 - Politisk sak om frådeling av to bustadtomter	
PS 9/10	15/104 - Søknad om endra arealbruk. Lagerplass til Sykkylven Teltutleige	
PS 10/10	Klage på reguleringsendring - Reg. plan Klokkehaug /Vik - KST- sak 54/09	

I dette møtet vart det laga 2 dokument grunna stor saksmengde.
Hefte 2 inneheld dokument og protokoll for sakene 11/2010 - 12/2010 - 13/2010

Sakene vart behandla i slik rekkjefølgje: Sak 1 - 2 - 3 - 4 - 5 - 6 - 7 - 8 - 9 - 10 - 12 - 11 - 13

PS 1/10 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Saksprotokoll frå møtet i Nærings- og utviklingsutvalet - 03.02.2010

Behandlingsinformasjon:

Det var ingen merknad til protokollen og den vart samrøystes godkjent.

Vedtak:

Protokollen frå møte i Nærings- og utviklingsutvalet den 2.12.2009 vert godkjent slik den ligg føre.

RS 2/10 Referatsaker

Utsending av sakspapir - framlegg nye rutinar

Nye rutinar for utsending av saksdokument blir ei prøveordning fram til sommarferien i tråd med notat frå rådmannen.

Despensasjon mindre tiltak

NU vedtek at liknande saker (ref NU sak 2/2010) kan tolkast på same måte. Slike mindre tiltak der det t.d. ikkje er fare for liv og helse, skal det dispenserast for administrativt.

Orienteringar

- Teknisk sjef orienterte om problem med snørydding i høve til feil parkerte bilar rundt i bygda.
- Ved evt. klage på dei nye alternative bossekkane folk kan bruke i staden for dunk skal dette vurderast av Sykkylven Energi.
- Sørestranda skule - trafikkregulerande tiltak
- Barn og unges representant, korleis medvirke i politiske saker
- Rådet for funksjonshemma, korleis medvirke i politiske saker
- Kommunedelplan Aure sentrum - høyringsfrist 12.april 2010
- Jakobsgarden - høyringsfrist 19.mars 2010
- Området ved Sykkylven friluftssenter - høyringsfrist 19.mars 2010
- Lysløype Fjellsetra, sak om ekspropriasjon ikkje førebudd

PS 2/10 17/117 - Søknad om oppføring av lagerhall ved Sandella

Saksprotokoll frå møtet i Nærings- og utviklingsutvalet - 03.02.2010

Behandlingsinformasjon:
Bjarte Hovland orienterte.
Utvalet drøfta saka.

Utvalet la fram slikt nytt forslag til 2. og 3. avsnitt i vedtaket:
NU meiner at lova må kunne tolkast slik at mindre byggetiltak kan utførast, spesielt der det ikkje er fare for liv og helse. Rådmannen sitt forslag til 2.avsnitt går ut.
Endring i 3.avsnitt: Klaga vert imøtekomen, og saka vert å sende Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Avrøysting:

1.avsnitt	samrøystes som rådmannen sitt framlegg til vedtak
2.avsnitt	samrøystes som nytt forslag frå utvalet
3.avsnitt	samrøystes som nytt forslag frå utvalet

Vedtak:

Nærings- og utviklingsutvalet (NU) meiner isolert sett at omfanget av tiltaket ikkje er større enn det burde kunna la seg godkjenne utifrå fremja dokumentasjon.

NU meiner at lova må kunne tolkast slik at mindre byggetiltak kan utførast, spesielt der det ikkje er fare for liv og helse.

Klaga vert derfor imøtekoma. Saka vert å sende Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

PS 3/10 Val av kontaktorgan for hovudplan avløp

Saksprotokoll frå møtet i Nærings- og utviklingsutvalet - 03.02.2010

Behandlingsinformasjon:

Samrøystes vedtak: som framlegget frå rådmannen

Vedtak:

Nærings- og utviklingsutvalet vel kontaktorganet som vart oppretta mellom Sykkylven kommune og Sykkylven Energi As som styringsgruppe for hovudplan avløp.

PS 4/10 Tilknytning til offentlig avløp

Saksprotokoll frå møtet i Nærings- og utviklingsutvalet - 03.02.2010

Behandlingsinformasjon:

Samrøystes vedtak: som framlegget alt. 1

Vedtak:

Alt.1:

Nærings- og utviklingsutvalet vedtek at kommunen skal fråfalle kravet om å betale tilknytning til offentlig avløpsleidning for g/bnr. 27/29. Dette fordi kommunen hadde ansvaret både for bygging av bustadeigedomen og utbygginga av "Hjortholfeltet" på 1960- talet når feilkoplinga fann stad.

PS 5/10 Uttale til konsesjon - Reitegrova minikraftverk

Saksprotokoll frå møtet i Nærings- og utviklingsutvalet - 03.02.2010

Behandlingsinformasjon:

Utvalet hadde slikt forslag om tillegg til rådmannen sitt framlegg:
NU ser positivt på tiltaket.

Samrøystes vedtak: som rådmannen sitt framlegg med tillegg frå NU.

Vedtak:

Nærings- og utviklingsutvalet tek uttale om konsesjon i høve Reitegrova minikraftverk til vitande/drøftande. NU ser positivt på tiltaket.

PS 6/10 7/25 - Politisk sak om frådelling av tre parsellar

Saksprotokoll frå møtet i Nærings- og utviklingsutvalet - 03.02.2010

Behandlingsinformasjon:

Utvalet drøfta saka.

Samrøystes vedtak: som framlegget frå rådmannen

Vedtak:

vedtak etter plan- og bygningslova:

Nærings- og utviklingsutvalet(NU) viser til saksutgreiing og vurdering og gjer slikt vedtak i medhald av § 93 i plan- og bygningslova:

- NU gjev løyve til frådelling av ein parsell av gnr 7/25 i Grebstadlia i samsvar med søknad (8 da). Det er eit vilkår at eigar brukar teigen i samsvar med gjeldande arealplan i området.
- NU gjev løyve til frådelling av ein parsell som er nokolunde i samsvar med eksisterande festetomt - gnr 7/25/1 med tilhøyrande bygningar. Dersom bruken av areal og bygningar skal endrast, må det søkjast særskilt om løyve til dette. Utviding av parsellen for å omfatte også gamal løe, kan også godkjennast.
- NU kan ikkje gi løyve til frådelling og endra bruk av ein parsell på 12 da dyrka jord frå gnr 7/25.

vedtak etter jordlova:

NU gjev også frådelingsløyve i samsvar med jordlova § 12 for desse parsellane:

- Del av teig i Grebstadlia som ligg i LNF-område. Dette arealet er omlag 3 da med skog. NU peikar på at dette arealet må brukast til landbruksføremål eller i samsvar med eventuell endra arealplan i området.
- Parsell som i det vesentlege samsvarar med eksisterande festetomt og søknad med areal på omlag 1 da eller i samsvar med løyve etter plan- og bygningslova.

NU finn det uaktuelt å vurdere frådelingsløyve etter jordlova for ein parsell på 12 da dyrka jord så lenge det ikkje er gitt dispensasjon frå gjeldande arealplan i området, jf vedtak etter plan- og bygningslova.

PS 7/10 11/1 - Sak om løyve til frådelling av bustadtomt

Saksprotokoll frå møtet i Nærings- og utviklingsutvalet - 03.02.2010

Behandlingsinformasjon:

Utvalet drøfta saka.

Samrøystes vedtak: som framlegget frå rådmannen

Vedtak:

Nærings- og utviklingsutvalet(NU) har studert saksutgreiing medrekna skriv til og svar med uttale frå fylket.

NU viser til det klare rådet frå fylket og kan ikkje gje dispensasjon frå gjeldande kommuneplan i denne saka.

Den aktuelle søknaden gjeld frådeling og omdisponering av fulldyrka jord innanfor kjerneområde landbruk og NU meiner at slik endra arealbruk berre bør gjerast i samband med utarbeiding av reguleringsplan.

PS 8/10 11/2 - Politisk sak om frådeling av to bustadtomter

Saksprotokoll frå møtet i Nærings- og utviklingsutvalet - 03.02.2010

Behandlingsinformasjon:

Samrøystes vedtak: som framlegget frå rådmannen

Vedtak:

vedtak etter plan- og bygningslova:

Nærings- og utviklingsutvalet(NU) viser til utgreiing og vurdering og har kome til at det kan gi dispensasjon frå gjeldande plan i samsvar med søknad for parsellen som ligg sør for kommunevegen.

For parsellen nord for kommunevegen har NU kome til at den berre kan gi dispensasjon på visse vilkår. NU vil såleis ikkje gi løyve til riving av låa før kulturmynde lokalt og på fylket har vurdert den teknisk tilstanden til bygningen nærare. NU må så saman med desse faginstansane avgjere om vidare vern er realistisk. Dersom eigaren framleis må satse på vern, vil NU vere med å sjå på om det er råd å ta vare på dei viktigaste elementa av den verneverdige bygningen i kombinasjon med endra bruk.

I samsvar med dette vert det også gitt løyve til frådeling etter pbl §93 for den eine av dei omsøkte parsellane som ligg sør for kommunevegen.

Det vert gitt løyve til frådeling av parsellen nord for veggen på same vilkår som for dispensasjon frå kommuneplanen

vedtak etter jordlova:

NU viser også til vurdering av dei landbruksfaglege omsyna og gjev i medhald av §§ 12 og 9 i jordlova løyve til frådeling av inntil 1,5 da og omdisponering av ca 0,5 da fulldyrka mark og løyve til frådeling av ein parsell med eksisterande bygning på inntil 1 da frå gnr 11/2 i Sykkylven.

PS 9/10 15/104 - Søknad om endra arealbruk. Lagerplass til Sykkylven Teltutleige

Saksprotokoll frå møtet i Nærings- og utviklingsutvalet - 03.02.2010

Behandlingsinformasjon:

Utvalet drøfta saka.

Avrøysting: framlegget frå rådmannen vart godkjent mot 1 røyst.

Vedtak:

Nærings- og utviklingsutvalet har ikkje merknad til ei endring av arealbruken i stadfest reguleringsplan for Vikedalen 1 slik at deler av regulert bustadareal kan nyttast til eventuelt å imøtekome søknaden frå Sykkylven Teltutleige DA.

PS 10/10 Klage på reguleringsendring - Reg. plan Klokkehaug /Vik - KST-sak 54/09

Saksprotokoll frå møtet i Nærings- og utviklingsutvalet - 03.02.2010

Behandlingsinformasjon:

Samrøystes vedtak: som framlegget frå rådmannen.

Vedtak:

Nærings- og utviklingsutvalet (NU) viser til at klaga ikkje har i seg moment som ikkje er vurdert før. NU ser ikkje grunnlag for å tilrå anna vedtak enn det som vart godkjent av kommunestyret 12.10.09. Klage av 16.11.09 vert derfor ikkje imøtekoma, og saka vert å sende fylkesmannen for avgjerd.

Kåre Hunnes, leiar

Ingunn Hole Hunnes, utvalssekretær